

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Vevning.

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

X

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Med hjelp av husmor Eliisa Kloving - 80 år, og
lærarinne Gjertrud Kvalvik - 60 år.

SVAR

1. Eldre folk som no lever, kan ikkje hugsa at dei vov ty til ytterklær åt menn. I deira tid har det vanlege vore å senda ulla til fabrikk, og når det galdt dressar få skreddar å sy dei.
2. Til kvinner vov dei både til ytterkjolar, underkjolar og anna underty. Vevemåten var firskaft - vend.
3. Til menn vov ein vadmal til underbuksar og underskjorter, og bomullsty til overskjorter. Bomullstyet var vove rutut eller striput.
4. Sengeomheng veit ein ikkje om det var vove heime.
5. Laken, sengtepper, dynetrekk og putevar var lereft eller rutut bomullsty. Dynetrekk og putevar var og vove striput i blåe, rauda og ymse andre fargar. Vevemåten var toskaft for lereft.
6. Dukar og serviettar var det ein veit ikkje vove heime.
7. Handklær vov ein, venteleg på same måte som lereft - toskaft.
8. Åklær og pyntetepper var ikkje brukt at ein vov.